



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Dialogpunkt - Alver (Meland) - Framo Flatøy industriområde - detaljregulering

I samband med offentlig ettersyn av reguleringsplan for Framo Flatøy industriområdet er det kome inn varsel om motsegn frå Statens vegvesen jf. brev datert 31.08.2020. Vestland fylkeskommune har fremja motsegn jf. brev av 04.09.2020.

Kommunen har tatt imot tilbod om eit dialogmøte i saka og har gitt utsett frist for uttale til etter dialogmøtet. Det er avtalt dialogmøte 13.11.2020.

I tillegg til dialogpunkt til Statens vegvesen og motsegnene til Vestland fylkeskommune ønsker Fylkesmannen å diskutere handteringa av støy i reguleringsplanen.

Det er tatt inn i føresegnene at T-1442 skal følgjast og i planskildringa står det at bedrifta har løyve etter forureiningslova. Vi opplever at reguleringsplanen i liten grad vurderer støy og kva verknad planen vil ha, særleg for bustadene i nærleiken. Det er viktig at verknaden av støy vert vurdert tilstrekkeleg i planprosessen. Det er også uheldig å bruke føresegn om at T-1442 skal følgjast fordi T-1442 gjer rom for tolking. Det bør visast rett til aktuell tabell i T-1442, om vurderingane i planarbeidet visar at desse er mogleg å holde.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN